

Statsforvaltaren i Vestland fylke

Dykkar referanse: 23/1249 -23/38605

Dato: 09.06.23

## **Klage på oppmålingsforretning gbnr 220/1 Store Urdal**

Syner til protokoll frå oppmålingsforretning gbnr 220/1 Store Urdal i Alver kommune datert 19.05.23.

I forbindelse med oppmålingsforretning som vart halden den 15-05-23 vart ein gjerdestolpe på punkt 1 nytta som grensemerke. Ingen av partane verifiserte den faktiske lokasjonen til gjerdestolpen under oppmålinga.

Under forretninga etterlyste eg kart som viste grensa mellom gbnr 220/1 og 221/1, men dette hadde ikkje kommunen med seg. Eg påpeikte at punkt 1 måtte vera i den grensa, for noko anna ville vera unaturleg.

I kartvedlegget til protokoll datert 10.05.23 er ikkje dette hensynstatt og punkt 1 er plassert aust for grensa mellom gbnr 220/1 og 221/1.

Mitt synspunkt er at punkt 1 må flyttast vest til grensa mellom 220/1 og 221/1 i henhold til tidligare gitt kommentar.

Med vennleg helsing,

Oddvar Urdal

Osterfjordvegen 2520  
5994 Vikanes

Mottakar: Alver Kommune